



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 28.04.2015
Møtestad: Formannsskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gisle Heimly	SO	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Deltok under første del av møtet
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
030/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
031/2015	Godkjenning av møtebok
032/2015	Referatsaker
033/2015	Orienteringssaker

Notat frå møtet:

Det førelåg ikkje einskildsaker til handsaming . I møte vart ulike tema drøfta under sak 033/2015 orienteringssaker.

Krav frå Oddbjørn Otterstad mot Modalen kommune

Handsama i lukka møte:

Brev datert 20.04. og 21.04.15 mellom partane vart delt og gjennomgått i møtet.
Formannskapet tek status for saka til vitande.

030/2015: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

031/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

032/2015: Referatsaker

Behandling:
Rådmannen orienterte kort Fylkesmannen sin tilsynsrapport med kommunal beredskapsplikt i Modalen kommune. Rådmannen melde frå om at det må gjennomførast eit prosjekt for utarbeiding av overordna ROS-analyse på grunnlag av avvik som framkjem ved tilsynet. Rådmannen vil førebu tiltak til oppfølging.

Vedtak:
Referatsaker vert tekne til orientering.

033/2015: Orienteringssaker

Behandling:
Status servicebygg
Ordførar gav innleiingsvis ei kort orientering om status for arbeidet med saka.

Ordførar har hatt møte med BKK og UniMicro for kartlegging av deira interesse for bruk/leige av areal.

Administrasjonen har gjennomført anbuds konkurranse for val av arkitekt til skisseprosjektet. Det er halde oppstartsmøte med arkitektar.

I møtet vart styringsgruppa (formannskapet) si rolle drøfta. Styringsruppa ønskjer å verte trekk inn i den vidare drøfting av "kva vil vi med bygget" og "kva skal det brukast til".

Oppfølging:

Rådmannen syter for at det vert sendt ut referat/statusrapportar til styringsruppa etter prosjektmøta med arkitektar.

Ordførar legg til rette for at styringsgruppa vert kalla inn til desse prosjektmøta. (Neste møte er 22. mai.)

Fiber til hytter/fritidshus

Ordførar og rådmannen innleia til ei drøfting av saka.

Rådmannen orienterte om at administrasjonen ikkje har prioritert arbeid med å søkje om tilskot til breibandsutbygging i år, slik ein del andre kommunar har gjort. Grunnlag for søknad er vurdert, men vi har konkludert med at vi ikkje vil nå fram med ein slik søknaden for områda på Nygård og Mostraumen/Nottveit. Desse har dårlegast mobildekning og ikkje fiber.

I dag har kommunen ikkje opna opp for tilknytning av hytter og fritidsbustader på eksisterande infrastruktur av fiber. Å opne opp for dette vart drøfta i møtet.

Oppfølging:

Rådmannen undersøker nærmare interesse for og kostnader/muligheter for å utvide fibertilkoplinga til også å gjelde for hytter og fritidshus ved bruk av eksisterande infrastruktur. Formannskapet legg til grunn at kundane må sjølv ta alle kostnader med tilknytning.

Rådmannen førebur ei sak til kommunestyret om ei slik endring.

Flyktningar

Ordførar innleia med ei orientering om saka. Alle ordførarar har motteke brev frå Barne-, Likestillings- og Inkluderingsdepartementet for å kartleggje mulighetar til å busetje flyktningar i dagens flyktningekrise.

Saka vart deretter drøfta der det vart fokusert på mulighetar, men også utfordringar med å opne opp for å ta imot flyktningar i Modalen.

Oppfølging/konklusjon:

Formannskapet er positive til at kommunen skal ta del i det nasjonale ansvaret med å motta flyktningar i Modalen.

Formannskapet ber rådmannen førebu ei sak om dette til kommunestyret.

Kommunestruktur

Ordførar innleia til drøfting av saka.

Formannskapet har hatt eit fellesmøte med Vaksdal og det var den 16.04. eit oppstartsmøte for det store "Nordhordlandsalternativet". Det er avtalt to nye møte for forhandlingsutvala før ferien (

27.05. og 25.06).

Ulike strategiar og utfordringar for den vidare prosessen vart drøfta i møtet.

Oppfølging:

Formannskapet er samde om å delta vidare i drøftingane med felles Nordhordlandsalternativ.

Ordførar legg til rette for at forhandlingsutvalet førebur seg til fellesmøta.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering med oppfølging som synt ovanfor.
